



Dalheim \ Rasmussen  
Advokatfirma



## SELVIKA 18, FOTLANDSVÅG

Fritidsbustad - Storavatnet - Osterøy



---

Selvika 18, 5283 Fotlandsvåg

---

Eirik Myking Midtbø

Ta kontakt for visning

+47 986 52 998



---

# NØKKELINFORMASJON

Adresse: Selvika 18, 5283 Fotlandsvåg  
Prisantydning: kr 600 000,- + omk.

Bustadareal: 33 kvm  
P-rom: 31 kvm  
Tomt: 400 kvm

Eigarform: Fast  
Byggeår: 1965  
Noverande eigar: Rune Smaaland



---

# FAKTA OM EIGEDOMMEN

## Prisantydning

kr 600 000,-

## Kostnader

Dokumentavgift 2,5 % kr 15 000,-

Tinglysingsgebyr per panteobligasjon kr 525,-

Tinglysingsgebyr skøyte kr 525,-

## Totalpris:

kr 616 050,-

Kjøpesummen og alle kostnader skal betalast til DalheimRasmussen Advokatfirma ANS sin klientkonto 6501.06.27480 og merkjast med saksnummer 34127/EMM.

NB: Reknestykket føreset at det berre blir tinglyst ein panteobligasjon og at eigedommen blir seld til prisantydning.

## Om eigedommen

Denne fritidseigedommen ligg idyllisk og usjenert til ved Storavatnet i Osterøy kommune, om lag 1 time med bil frå Bergen sentrum og 15 minutt frå kommunesenteret Lonevåg.

Eigedommen vender mot vest, og har optimale solforhold. Ligg perfekt til for padling, båtliv, fiske og anna friluftsliv. Om vinteren kan ein nytte ski-/lysløype i nærleiken.

Det er byggestopp i området, og hytter er for det meste nedarva i generasjonar. God avstand mellom hyttene.

Frå offentleg veg/parkeringsplass er det om lag 30 minuttss gange langs sti til hytta. Alternativ tilkomst vil vere med båt frå same utgangspunkt, noko som tar om lag 10 minutt med liten motor. Vatnet er ofte trygt

for skigåing om vinteren.

## Innhald/standard

Hytte oppført i trekonstruksjonar på støypte fundament på fjell. Bygd rundt 1965, ny dør i 2017.

Inneheld stove, 2 soverom, kjøkkenkrok, gang og eit rom med kagedo.

Kledd med liggjande trekledning, truleg uisolert. Saltak bygd i trekonstruksjon. Tekka med pappshingel.

Vindauge med enkle uisolerte glas i trekarmar.

Pipeløp i tegl. Open peis og vedomn i stova. Trepanelte veggjar og tak. Golv i heiltre.

Enkel kjøkkeninnreiing i furu/finer.

Det er ikkje innlagt vatn eller elektrisitet. Ein må rekne med ein del oppgraderingar og vedlikehald.

Ein viser elles til takst datert 8. mars 2019 av takstmann/byggmeister Arne Frostad.

## Diverse

Salet skjer etter reglane i tvangssalbyrdelsesloven.

Ein gjer særskilt merksam på at ein kjøpar ved tvangssal i mindre grad enn ved ordinært sal kan gjere manglar gjeldande.

Ein kan ikkje ta omsyn til bod med atterhald.

Ved tvangssal av fast eigedom er bod bindande for bodgivaren i 6 veker.

Det er tingretten som tar stilling til om eit bod skal stadfestast/aksepterast. Saka kan bli trekt fram til

---

## FAKTA OM EIGEDOMMEN

retten har gitt orskurd om stadfesting av bodet.

Når bod er stadfesta, overtek kjøparen eigedommen på oppgjersdagen, om heile kjøpesummen og kostnader er betalte. Oppgjersdagen er tre månader frå dagen meklar/medhjelpar legg bodet fram for kreditorane og tingretten.

Kjøparen ber alle kostnader ved overtaking av eigedommen.

Alle pengehefte blir sletta ved salet. Hefte som ikkje gjeld pengar blir overtekne av kjøparen utanfor kjøpesummen.

Ved krav om utferding av skøyte og oppfølging, vil medhjelparen krevje eit salær på kr 6 250 inkl. mva. frå kjøparen.

### **Bakgrunn for opplysningar i salsoppgåva**

Salsoppgåva er utarbeidd ut frå opplysningar gitt frå noverande eigar, synfaring av eiendommen samt innhenta nødvendige dokument og takst.

### **Bodgjeving**

Alle bod skal gjevast skriftleg til meklaren. Bodskjema finst bakerst i salsoppgåva. Seinare auka bod må skje skriftleg enten per e-post eller SMS. Bodgjevaren må legitimere seg.



















**OPPDRAKSANSVARLEG:**

Adv.flm. Eirik Myking Midtbø  
Bergen  
Tel: 55 54 70 74  
Mob: +47 986 52 998  
emm@dalheimrasmussen.no

